



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Universitetsmuseet i
Bergen

Jobbnorge-ID: 61843
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Stipendiat(universitetsstipendiat) i Lichenologi(systematisk botanikk)

Ved Dei naturhistoriske samlingane (DNS), Bergen Museum, er det ledig ei stilling som doktorgradsstipendiat (universitetsstipendiat) i systematisk botanikk innan fagområdet lichenologi. Stipendiaten skal ha arbeidsplass ved DNS med nær tilknytning til dei vitenskaplege samlingane. Det eit ønske at den som blir tilsett er aktiv brukar av dei eksisterande samlingane, samt genererer nytt herbariemateriale.

Søkjarar må ha ein master-/cand.scient.-grad eller tilsvarende utdanning i botanisk systematikk/taksonomi. Mastergraden må vere oppnådd innan søknadsfristen. Det er ein fordel med erfaring frå både morfologisk og molekylær systematikk.

Stipendiaten skal inngå i eit godkjent opplegg for ein PhD-grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Søkjarar må derfor oppfylle krava for opptak til PhD-studiet ved Universitetet i Bergen. Søknad om opptak til PhD-studiet, inkl. plan for gjennomføring av forskarutdanninga, vil bli utarbeidd i samråd med aktuell faggruppe.

Hovudretteleiar skal vere ein som er fast tilsett ved DNS.

Samla stipendperiode er på 4 år. Av denne perioden er 25 % pliktarbeidstid. Det vil bli gjort fråtrekk i tilsetjingsperioden for eventuell tidligare rekrutteringsperiode. Pliktarbeidet skal utførast ved DNS; samlingsarbeid vil vere ein hovuddel, men undervisningsoppgåver kan også verte pålagt.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Lønn etter lønnstrinn 45 (kode 1017, lr. 20.3) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 45-51).

Ei stillingsomtale finn du *nedanfor*, eller du kan venda deg til Bergen Museum, Administrasjonen, tlf. 55 58 93 60, e-post: post@bm.uib.no.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan du få ved å vende deg til professor Tor Tønsberg, tlf. 55 58 33 33, e-post: tor.tonsberg@bm.uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor et personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmode om ikke å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren bli varsla om dette.

Universitetet i Bergen nyttar "meroffentlighet" ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad, som inneheld fullstendig oversyn over utdanning og tidligare verksemd, vedlagt kopiar av vitnemål og attestar, og vitenskaplege arbeid og liste over disse (alt i 3 eksemplar **og sortert i 3 bunkar**), skal sendast til Universitetet i Bergen, Bergen Museum Administrasjonen, Postboks 7800, 5020 Bergen.

I tillegg skal søknad og CV innehaldande relevant utdanning og praksis registrerast elektronisk via lenke på denne sida: "Søk denne stilling".

Søknadsfrist: 31.10.2009

Søknaden skal merkast: 09/11885

Stillingsomtale:

UNIVERSITETSSTIPENDIAT I LICHENOLOGI (SYSTEMATISK BOTANIKK)

De naturhistoriske samlingene (DNS) er en enhet under Bergen Museum, Universitetet i Bergen (UiB), med bred aktivitet i botanikk, geologi og zoologi. DNS har ca. 50 tilsatte; per i dag er det 7 fast vitenskapelige ansatte i botanikk. Kjernen i den biologiske forskningen ved DNS er systematikk og paleobiologi. DNS har omfattende samarbeid med Institutt for biologi, og gir undervisning i taksonomi, fylogeni, paleobiologi og evolusjon for studentene der. DNS har tre forskningsgrupper: "Biosystematikk", "Fylogenetisk Systematikk og Evolusjon" og "Fortidens Landskap og Miljø", og forskerne ved DNS er i hovedsak fordelt på disse tre gruppene.

Det biosystematiske forskningsmiljøet i botanikk ved DNS er rettet mot lichenologi og høgere planter. Det lichenologiske miljøet har markert seg internasjonalt som særdeles produktivt. Biogeografiske undersøkelser er utført på materiale fra bl.a. Skandinavia, Nord-Amerika, Antarktis og Svalbard. Sleakter revideres og nye arter beskrives stadig. Forskere ved DNS har tilgang til DNA-laboratorium.

I tillegg til forskning er det arbeidet med vitenskapelige samlinger som særpreger oppgavene til DNS. Lavherbariet ved DNS (del av herbarium BG) inneholder et stort typemateriale og har en aktiv utlånsvirksomhet. Det norske materialet er tilgjengelig på nettet i en søkbar database sammen med norsk materiale i en rekke andre universitetsherbarier (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/index.html>).

Den som søker stipendiatstillinga må ha en master-/cand.scient.-grad eller tilsvarende utdanning med gode evalueringer i emner innen biosystematikk og taksonomi. Det vil telle positivt om søkeren ved egne publikasjoner kan vise til særlig interesse for biosystematiske studier. Søknaden må skissere et doktorgradsprosjekt i systematisk lichenologi. Søkere må derfor ta kontakt med potensiell veileder på forhånd. En vurdering av søkerens potensial for fullføring av et doktorgradsstudium vil i stor grad være basert på resultat og effektivitet i og etter tidligere utdanning, samt evne til å teoretisere.

Stipendiaten skal arbeide inntil 25 % av arbeidstida med pliktarbeid etter avtale med styrer og veileder. Arbeidet vil i hovedsak være samlingsorientert, men undervisningsoppgaver kan også pålegges.

Tilleggsinformasjon

Arbidssted: